



Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Hedmark

[fmhepost@fylkesmannen.no](mailto:fmhepost@fylkesmannen.no)

1. oktober 2015

## **KLAGE – LØYVE TIL Å PLANTE VRIFURU**

Vi viser til vedtak gjort av Fylkesmannen i Hedmark 8.9.2015, sak 2015/3580, varsla på Miljøvedtaksregisteret 10.9.2015.

Vi klager på vedtaket, og ber om at det blir gjort om til avslag. Vidare ber vi om at klaga får oppsettjande verknad.

Hovudpunkt i denne klagen er:

- Det blir mindre igjen av arealtypen som blir tilplanta. Kva verknad har det på økosystemet?
- Viktige naturområde som kan få frøspreiing frå omsøkt areal.

### **Vurdering av plantearealet**

Søkjær skriv i søknaden at han ønskjer å bruke vrifuru for å utnytte marka sitt produksjonspotensiale betre. I det ligg det at grunneigar legg opp til at dei økologiske tilhøva på arealet vil endre seg.

Då bør det vere eit poeng å finne ut om dette er areal av ein type som ein ikkje treng å ta vare på, og at gjengroing er greitt/ønskjeleg. Generelle trendar i Noreg er at tregrensa går opp og at areal som tidlegare har vore opne gror att. Høgfjellsareala og opne fjellareal er i ferd med å endre heilt karakter, og ein står framfor store økologiske endringar, mellom anna som følgje av klimaendringar og endra form for utnytting av beiteressursane. Sidan både desse påverkningsfaktorane kan seiest å vere menneskerelaterte, er det naturleg å vurdere om ein skal drive med ytterlegare tiltak for at prosessane skal gå fortare, eller om ein skal prøve å motverke dette.

Flyfoto av området syner elles at det alt er eit stort innslag av plantasjeskog i dette området.

Venteleg er økosystemet alt utsett for planting som har gitt fortettingsverknad. Det er vel heller ikkje

Naturvernforbundet  
Mariboeg gt 8,  
0183 Oslo

[naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)


SABIMA  
Pb. 6784 St. Olavs plass,  
0130 Oslo

[sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)


WWF-Norge,  
Postboks 6784 St. Olavs Plass,  
0130 Oslo

[wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

utenkeleg at areal kan vere grøfta. Omdisponering av ytterlegare hundre dekar har difor eit betydeleg potensiale for at dei få områda med verdifull skog som er igjen i området blir negativt påverka.



Kart frå Naturbase. Gult kryss er omtrentleg plassering av omsøkte planteareal, grønne raster gjeld registrerte naturtypelokalitetar i området.



Kart frå Naturbase. Gult kryss er omtrentleg plassering av omsøkte planteareal, grønne raster gjeld registrerte naturtypelokalitetar i området.

	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
1	Kråkeberget	Gammel barskog	B
2	Kråkebergsætra	Gammel boreal lauvskog	B
3		(Kulturmark)	
4	Skjærnupen	Gammel barskog	C

Om kartleggingsstatus seier Fylkesmannen i si vurdering i vedtaket: *«Åmot kommune er relativt godt kartlagt hva gjelder naturtyper og naturforekomster, men de høyereliggende, magre skogsområdene er dårligere undersøkt enn bygdenære områder og områder med rikere berggrunn. Tilsvarende vurdering gjelder for de tilgrensende områdene av Elverum kommune, ca 1 km sørøst for utplantingsområdet.»*

Med andre ord er kartleggingssituasjonen for høgareliggende skogsmark på dårlege bonitetar mangelfullt kartlagt. Det er nettopp denne typen areal som søknadene om vrifuru gjeld.

Når ein ser kartet med naturtypelokalitetane, undrar vi oss over at lokalitetar kartlagt i Elverum kommune heilt inntil grensa ikkje har ein tilsvarende lokalitet på Åmot si side av grensa. Det bør vere eit signal om at naturtypekartlegginga i Åmot kan vere mangelfull.

Dei lokalitetane som alt er kartlagde er elles verdifulle, og dei vil bli negativt påverka av utanlandske treslag som måtte spreie seg dit.

## Nyare forskning

I følge avgjerda i ei tidlegare klagesak (Surnadal)<sup>1</sup> blir det i Sverige ikkje tilrådd å plante framande treslag i fjellnær skog, eller innan 1000 meter frå verneområde. Det er eit spørsmål om tilhøva i Noreg liknar på dei i Sverige, eller om det er skilnader som gjer at ein kan ha ein annan praksis med omsyn til vrifuru i Noreg. Kunnskapen på dette området er ikkje særleg stor. Kva skjer med økosystema i norsk fjellnær skog viss ein planter vrifuru? Miljødirektoratet har i år tinga ein ny rapport om vrifurua sitt spreingspotensiale, og resultat frå dette prosjektet bør snart ligge føre. Til då er det ikkje tilrådeleg å gi løyve til planting av vrifuru på slike areal.

Det er også kome ein ny svensk rapport<sup>2</sup> som har aktualitet for denne saka også. I Sverige har ein meir erfaring med vrifuru, både over lengre tid og større areal enn i Noreg. Dei har også samla meir kunnskap om kva verknader bruken av vrifuru har, og viser til spreingspotensial og negativ økologisk effekt, men konkluderer likevel med at kunnskapen framleis er liten. Kunnskapen dei alt har samla er delvis eit motargument mot å plante meir vrifuru i område der det alt er planta ein del frå før:

*För flera faktorer i riskbedömningen av contortatall är det viktigt att ytterligare lyfta fram landskapsperspektivet. Flera studier visar att risken för självspridning ökar med mängden och andelen contorta i landskapet (Carrillo-Gavilan & Vila 2010). Med tanke på de relativt höga andelar contorta som idag finns i många landskap, ibland kanske över 20 %, är det mycket angeläget att utreda hur*

<sup>1</sup><http://www.miljovedtak.no/Vedtaksøk/VisSak?SakId=1090>


<sup>2</sup> Widenfalk O (2015) [Contortatall i Sverige – En kunnskapssammanstilling og riskbedömning](#). Rapport Svenska FSC.

*spridningsrisiken i Sverige påverkas av den rumsliga fördelningen av contortatall. Knight m.fl. (2001) som studerade ett landskapsområde om närmare 100 000 ha utanför Östersund med 12 % contortatall konstaterade att vindspridda contortaförn antagligen kunde nå hela området. (Widenfalk 2015)*

Det er altså viktig at ein har store nok område utan vrifuru, og det er viktig at andelen med vrifuru ikkje blir høg. Rapporten stadfestar og at tilplanting med vrifuru har negative effektar på artsmangfaldet for ei rekke ulike organismegrupper, mellom anna insekt og planter.

## Rømlingkontroll

Skogeigar gir inntrykk av at han har eit opplegg for rømlingkontroll. I søknaden seier han:



Dette kontrolltiltaket er ueigna. Viss ein først har planta til hundre dekar med vrifuru, så er ikkje spreiring av småplanter i sjølve plantefeltet noko stort problem. Det er det andre arealet, det utanfor plantefeltet, som må ha rømlingkontroll. Der må ein rekne med at det må gjerast avtalar med andre grunneigarar. Det er elles ikkje beint fram enkelt å skilje vrifuru og furu frå kvarandre før dei set konglar, så det er ikkje berre å fjerne alle småfuruplantene i området.

Når det gjeld spreiring, så må ein sjå problemstillinga over eit lengre tidsrom. Vrifuru har lette frø og set frø i ung alder, noko som gjev potensiale for omfattande spreiring om forholda elles ligg til rette for det. Undersøkingar viser at det meste av frøspreiringa skjer innafor ein avgrensa avstand frå plantefeltet. Det er truleg ganske få frø som flyg langt og spirar, men det er likevel desse få trea som spirer langt frå opphavet som gir grunn til framtidige problem.

Dei langdistansespreidde trea treng ikkje vere noko stort problem i seg sjølve om dei blir fjerna, men slike tre som veks opp langt frå opphavet er vanskeleg å finne. Følgjeleg er det ein stor sjanse for at dei veks opp og set konglar. Då vil desse fort bli opphav til mange nye frøspreidde tre i nærområdet. Det skal ikkje vere så mange slike rømlingar som får setje frø før spreiringa får ein heilt annan dimensjon enn i første generasjon. Det er dette problemet som ein må førebygge no ved å unngå bruken av vrifuru i område som dette. Det er rikeleg med utfordringar allereie med det som alt er planta, så ein må unngå å auke problemet ytterlegare.

## Oppsetjande verknad

Vi ber om at klaga får oppsetjande verknad. På denne typen mark ser vi for oss at ein ikkje kan plante og etterpå rive opp plantene utan at dette påverkar skogbotnen som er der i dag. Elles viser vi til at

Miljødirektoratet har tinga ei undersøking om vrifuru si spreingsevne og at kunnskapsgrunnlaget truleg vil bli vesentleg betre i løpet av kort tid.

### **Oppsummering**

Kartlegginga er mangelfull. Bruk av vrifuru i dette området kan på sikt gi eit heilt anna skogbilete enn i dag, noko som kan vere svært uheldig for ei rad artar.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes  
fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel  
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen  
teamleder, WWF-Norge